Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Dei "Kloke".

Oppskr. av: Guttorm Mikkelson

(adresse): Helle i Høgsfjord.

Fylke: Rogaland

Herad: Forsand

Bygdelag: Høgsfjord

Gard: Øvre Espedal

G.nr. 4/8 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I folkemedisinen er det godt kjent frå bygda her om ymse rådgjerder, og om "Kloke" – dei som vart bodsende i sjukdomstilfelle.

I folkeminne lever soger og forteljingar om sjukdom og lækjedom og om dei som "lækte". Det var ikkje småting som det ligg føre i dette emne både frå eldre tid, og frå så langt fram som siste luten av attenhundre. Men frå 1860 åra og utetter ber det mykje ein samanblanding med den lærde medisin, så då vart det meir blanda saman gamalt og nytt. T.d. dei som var sjuke på sinnet. Frå gamalt av såg dei på denne sjukdomen som ei straff. og dei trudde plent at det menneske var "forgjord" som dei kalla. Seinare vart det til at dei fekk hjelp med vaking og så skulle dei få eit slag drikke. Men det vart lite hjelp i det tidevel, og på ein eller annan måte kom dei sume gonger sjukdomen til livs, men som regel var

15673

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



det nok heller "pasienten" som ikkje verre var enn at det gjekk over av seg sjølv. Så langt sinnsjukdom.

De spør etter kloke kvinner og menn, og ja, det har sakke levt slike her og, men ingen lever no, nokon serleg "kloke" har folk lite i minnet her.

Vidare spør De etter namn og eg har diverre berre eit. Han heitte i dagleg tale "Store-Sven", og namnet var Sven Olson Nedre Espevoll fødd 1840 død der mars i 1926. Han vart gift med ~~Siri Guttormsdotter~~ Ane Ommundsdotter f. Espevoll som var fødd i 1839. Ho døydde i 1928. Dei hadde mange born, men berre tri levde opp. Ein son døydde ung - i Amerika, og ein son og ei dotter vart gifte, men etterlet seg ikkje born. Store-Sven var ein stor og førlagd mann med eit godt forteljelag, og han var ein svært lettliva kar. Han hadde eit ljost livssyn, som ikkje var større merkt av den rådande tunge pietismen som seig inn over bygdene her så kring 1870-80 åra, og som heldt seg i heile hans livetid. I ætta var det ein kunstnarætt som gav seg utslag i song og treskurd. Dette var nedervd frå Sirdal, der dei ætta frå på mannsida.
På spørsmål korleis han hadde lært seg kunsten er ikkje godt å svara på, han gjorde vel ein del røynsler frå tidleg ungdom, og så hadde han eit serleg godt lag med slikt.
Han vart nytta ikkje berre til menneske, men òg når krettura feilte noko.
Me har eit fotografi, men no nett kan eg ikkje finna det, ~~når~~ eg finn det så skal eg senda det inn til N. E. G.
Der finst andre òg, når De sender utfylt spørjeliste skal eg koma meir inn i detaljer

15673